

Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

Fagleg årsmelding 2017
IKA Møre og Romsdal





1.	Innleiing.....	3
2.	Føremål og ansvarsområde	3
3.	Organisasjon.....	4
3.1	Formelle organ	4
3.2	Tilsette.....	5
4.	Det faglege arbeidet til IKA Møre og Romsdal - generell del	5
4.1	Eldre og avslutta arkiv	5
4.2	Personregister	11
4.3	Elektroniske arkiv	11
4.4	Privatarkivarbeid.....	12
4.5	Prosjektarbeid i 2017.....	13
4.6	Kulturnett Møre og Romsdal.....	14
4.7	FylkesFOTOarkivet.....	15
4.8	Fylkessenter for digitalisering av kulturarven – SEDAK	17
5.	Synfaringar, Kurs, konferansar og anna	18
5.1	Synfaringar, kurs og foredrag	18
5.2	Kontaktkonferansen.....	18
5.3	Høyring.....	19
5.4	Open dag	19
5.5	Arkivdagen 2017.....	20
5.6	Eksterne konferansar	22

1. INNLEIING

2017 har igjen vore eit aktivt år for IKAMR.

- vi har tatt imot 1086 hyllemeter arkivmateriale
- tatt i bruk felles depotforvaltningssystem for bevaring av deponerte elektroniske arkiv frå eigarkommunane
- større mengde førespurnader grunna auka mengde arkivmateriale
- vi har vore på 20 synfaringar
- kontaktkonferansen med svært gode tilbakemeldingar frå deltakarane
- inngått avtalar om ordning og digitalisering av arkiv for eigarane
- etablert prosjekt for personvernombod for 27 av eigarkommunane + fylkeskommunen
- ferdigstilt bevaringsplan for privatarkiv
- fylkesfotoarkivar Ragnar Albertsen vart utnemnt til æresmedlem i Møre og Romsdal Fotograflaug
- fått utviklingsmidlar frå Arkivverket – til saman 450 000 kr

2. FØREMÅL OG ANSVARSOMRÅDE

Selskapet vart formelt stifta på representantskapsmøte i Molde 28.06.2000. Alle kommunane i fylket og Møre og Romsdal fylkeskommune er med og eig selskapet. Selskapet har 37 eigarar.

Selskapet skal arbeide for at arkivmateriale frå medlemmane eller slikt materiale som desse tek ansvar for, blir teke vare på og gjort tilgjengeleg for offentleg bruk, forskning og andre administrative og kulturelle føremål, i samsvar med arkivlova.

Selskapet skal vere depotinstitusjon for medlemmane sine melde- og konsesjonspliktige arkiv i høve til Personopplysningslova.

Selskapet skal i samråd med medlemmane arbeide for å utvikle effektive og rasjonelle arkivtenester hos medlemmane, m.a. ved å assistere ved utarbeiding av arkivplan og oppbygging av arkiv, stå for opplæring og rettleiing i arkivsystem og arkivrutinar, gje råd og ha tilsyn med arkivlokale, og utføre anna arkivarbeid for medlemmane.

Selskapet utfører arbeid for den einkilde medlem som står i høve til medlemmen sin del av driftstilskotet.

Selskapet kan etter nærare vedtak av styret prise visse tenester og slik ha egne inntekter. Dei tenestene som kan prisast skal i hovudsak vere slike som ikkje vil bli gjevne til alle medlemmane, eller medlemmane vil ha ulik etterspurnad etter, eller tenester som ligg utanfor hovudføremål til arkivet. Selskapet skal også kunne vere ein bidragsytar i problemstillingar knytt til private arkiv.

Til gjennomføring av spesielle prosjekt utanom dei ordinære arbeidsoppgåvene til arkivet, blir det søkt finansiering frå medlemmar eller andre som spesielt ønsker prosjektet gjennomført.

Selskapet har høve til å ta på seg konsulentoppdrag for andre, når oppdragsgjevar betalar for tenestene og det ikkje går ut over hovudoppgåvene til arkivet.

Definisjonen av føremål og ansvarsområde er uttømmende. Styret og representantskapet har ikkje mynde til å fatte vedtak på område som ikkje er nemnt ovanfor.

3. ORGANISASJON

IKAMR har i 2017 arbeidd vidare med organisasjonsutvikling.

På representantskapsmøtet i 2017 vart følgande dokument godkjende:

- Økonomireglement
- Reglement for valnemnd
- Reglement for styret
- Ethiske retningslinjer

IKAMR har depot både i Kirkegata 10 og i Kirkegata 42 i Ålesund. Begge lokala er leigde, men det er investert i reol- og sikringssystem.

I 2017 innførte IKAMR mobilt sentralbord for å:

- gje betre service på telefon
- fjerne intern support på telefonsystemet
- spare pengar

Selskapet har 640 000 kr i lånegjeld ved årsskiftet.

Drifta er i all hovudsak basert på inntekter frå eigarane, dvs fylkeskommunen og kommunane og lagt opp i samsvar med denne. Møre og Romsdal fylkeskommune har ytt tilskot til privatarkivarbeidet og finansierer drifta av Kulturnett, SEDAK og FylkesFOTOarkivet. Årsresultatet av desse tre blir balansert mot bundne fond slik at IKAMR i seg sjølv verken blir belasta kostnader eller tar ut fortjeneste av desse.

Økonomien i selskapet vert vurdert som god, og det er godt grunnlag for vidare utvikling, investeringar og drift.

På representantskapsmøtet i 2016 i sak 4 «Overordna mål og retningslinjer for drifta» vart det vedtatt at «representantskapet ønsker å stimulere til aktivt å bruke selskaper som er basert på sosialt entreprenørskap under arbeidstopper ved IKAMR». IKAMR har basert på dette gått inn avtale om leige av ein ressurs frå Spesialistbedriften AS til digitalisering.

3.1 Formelle organ

Styret:

Styremedlemar	Personlege varamedlemar
Perry Ulvestad, Rauma (leiar)	Marta Beinset, Molde kommune
Karl Kjetil Skuseth, Kristiansund (nestleiar)	Synnøve Avset, Eide kommune
Robert Løvik, Møre og Romsdal fylkeskommune	Nils-Gunnar Solli, Møre og Romsdal Fylkeskommune
Liv Grete Orvik, Ålesund	Eldar Øye, Ørsta
Synnøve Hunnes, Sykkylven	Evelyn Omenås, Stranda

Styret hadde 7 møte i 2017. Eitt av møta vart arrangert hos IKA Kongsberg. Styret behandla 65 saker.

Representantskapsmøte:

Representantskapet er det øvste organet i selskapet og er samansett av ein representant for kvar av eigarane. Representantskapsmøtet 2017 vart halde på Vestnes 28.04.2017. 26 av eigarane var representert, som utgjorde 81,3 % av eigardelane.

Geir Stenseth er leiar av representantskapet og Kjell Danielsen er nestleiar. Årsmelding og rekneskap vart godkjende.

3.2 Tilsette

Fast tilsette i selskapet var i 2017:

Geir Håvard Ellingseter - dagleg leiar
 Torbjørn Aasen – el-arkivar
 Gunnar O. Morsund - arkivar
 Vibeke Lunheim - arkivar
 Guro Flø - arkivar
 Åsta Vadset - arkivar
 Ingunn Vestnes - arkivar (50 % stilling)
 Kristian Hove - arkivmedarbeidar
 Sølvi J. Knudsen – arkivmedarbeidar og administrasjon
 Kari Olsen (prosjektmedarbeidar 50 % stilling – ordning. Fast stilling frå 01.03.2017)
 Zane Aboltina (prosjektmedarbeidar – digitalisering. Fast stilling frå 01.03.2017)
 Jan Aakvik - redaktør for Kulturnett Møre og Romsdal
 Ragnar H. Albertsen - FylkesFOTOarkivar
 Ottar André Breivik Anderson - leiar SEDAK/fotograf

Innleigde:

Dan André Fiskum Velle (vikar og prosjektmedarbeidar - slutta 31.12.2017)
 Tom Erik Enger (prosjektmedarbeidar frå 13.02.2017)
 Håkon Wille (prosjektmedarbeidar frå 23.10.2017)
 Anette Valderhaug (prosjektmedarbeidar frå 23.10.2017)
 Andri Jönsson (vikar og prosjektmedarbeidar frå 23.10.2017)

IKAMR har opplevd ein auke i etterspørsel frå eigarkommunane etter tenestene ordning av arkiv og digitalisering. Derfor vart bemanninga ved IKAMR auka med 1,5 årsverk i 2017. Desse stillingane vert finansiert via prosjektarbeid.

Sjukefråværet var i 2017 på 4 %. Sjukefråværet var fordelt på fleire personar. 2,8 % av sjukefråværet er sjukemeldingar og 1,2 % er eigenmeldingar. Arbeidsmiljøet er ikkje årsaka til sjukefråværet. Selskapet har elles eit bevisst forhold til likestilling i tilsetjingssamanheng.

4. DET FAGLEGE ARBEIDET TIL IKA MØRE OG ROMSDAL - GENERELL DEL

4.1 Eldre og avslutta arkiv

Arbeidet med historisk arkiv har i 2017 hovudsak bestått av attfinning av arkiv i depot, betening av arkiv og mottak av arkiv. I tillegg har det blitt arbeidd mykje med bestandsregistrering og utarbeiding av lettare rutinar for betening, registrering og ordning av arkiv. Vidare er rettleiing i ordning og føring av avleveringslister arbeid som krev mykje ressursar. Ute i kommunane deltek vi på møte, held kurs og kartlegg arkivbestanden saman med tilsette i kommunen.

Avleveringar

IKAMR tok imot arkiv 31 gongar i 2017. Totalt 1086,66 hyllemeter fordelt på 15 deponerarar. Til samanlikning tok vi imot 339 hyllemeter med arkiv i 2016. Avleveringane frå NAV og Ålesund Tingrett vart utført på eksterne prosjektmidlar. Ørsta kommune og Fræna kommune er kommunane som har avlevert mest arkiv i 2017.

Avleverar	Hyllemeter
Aukra kommune	1,3

Fræna kommune	131,3
Hareid kommune	11,2
Herøy kommune	8,5
Molde kommune	121
Møre og Romsdal fylkeskommune	94,5
NAV Ålesund	350
Neset kommune	10,5
Sunnal kommune	16
Sykkylven kommune	6,3
Tingvoll kommune	13,8
Ulstein kommune	34,4
Volda kommune	18
Ørsta kommune	137,86
Ålesund tingrett	131
Totalt	1085,66

Erfaringar med avleveringsrutinane

Det er nødvendig at dei kommunale arkiva er godt beskrivne, ordna og listeført når dei kjem til depot. Hjelpheftet til IKAMR går i detalj i prosessen og skal vere eit godt «A-Å» verktøy for kommunane slik at ein er meir sjølvhjelp. Ved å følge avleveringsrutinane i hjelpheftet skal det i teorien vere nok med to-tre omgangar med kontakt til IKAMR for å få godkjent eit arkiv for avlevering. Rutinane blir heile tida forsøkt effektivisert slik at både IKA og kommunen skal bruke mindre tid på arbeidet.

Å rettleie i avleveringsrutinane ut mot kommunane er til tider svært tidkrevjande, og tar opp mykje av tida til rådgjevarane ved IKAMR. Sjølv om dei tilsette ved IKAMR reiser ut for å hjelpe og held kurs for dei som skal ordne, reinse, listeføre og etikettere arkiv kan vi ofte misforstå kvarandre. Dette kan i verste fall føre til at IKAMR får arkiv som ikkje lar seg forvalte på ein god måte. Å ta imot nyare arkiv (men eldre enn 25 år) er ei ekstrateneste vi tilbyr kommunane, fordi vi ser at ein ikkje lenger sit med kompetanse til å forvalte arkiva på ein god måte ute i kommunen. Vi ser oss derfor nøyde til å arbeide meir med å effektivisere og kvalitetssikre arbeidet med mottak av papirarkiv framover. 150 saker om avleveringslister har ført til 856 journalpostar med korrespondanse. Rettleiing over telefon er ikkje rekna med her.

Asta

Primæroppgåva for IKAMR er å forvalte og finne att etterspurd dokumentasjon blant nærare 10 000 hyllemeter med kommunale arkiv. Å registrere arkiv i Asta, slik at vi finn etterspurd dokumentasjon, er ei viktig arbeidsoppgåve ved IKAMR. Det er grunnleggande at vi har oversikt over alt arkivmaterialet vi oppbevarer for eigarane våre. Ein god arkivkatalog med nøyaktig bestandsregistrering knytt saman med kompetansen til dei tilsette vil vere avgjerande for om ein finn att dokumentasjon som blir etterspurd. Arkivkatalogen kan også vere til hjelp når ein skal avgjere kva for arkiv ein treng digitalt tilgjengeleg.

IKAMR har deltatt i eit nasjonalt prosjekt, KAISA, som tok sikte på å lage ein nasjonal standard for beskrivingar av kommunale arkiv i Asta. Dette prosjektet vart stilt ferdig i juni 2017. Rutinane gjer at IKAMR får gode arkivbeskrivingar i Asta, som vil effektivisere stiftingning. I 2017 har vi utarbeidd sjekklister for registrering i Asta basert på KAISA-standarden.

Det krev stor kompetanse å registrere arkiv i Asta. I tillegg er det svært ressurskrevjande. Det er viktig å gjere jobben så nøyaktig som mogleg både med tanke på å beskrive arkivskaparhistorikk og arkivhistorikk, registrere plassering av arkivstykkka og tilknytning av metadata slik at ein får treff ved søk samt gode statistikkar.

Bestand og bestandsregistrering

Totalt har vi 9023 hyllemeter med arkiv i våre magasin. Av dette er 5899 ordna og katalogisert. Det er viktig å merke seg at vi har ordna meir arkiv enn 38 hyllemeter i 2017. På grunn av utfylling av metadata i arkivkatalogen Asta er ikkje tala korrekt i år.

	Hm, totalt per 31.12.2017	Hm, totalt per 31.12.2016	Hm, tilvekst 01.01.2017-31.12.2017
Offentleg arkiv-bestand	9023	7937	1086
Offentleg arkiv-bestand som er ordna og katalogisert	5669	5631	38
Privatarkiv-bestand	379	379	0
Privatarkiv-bestand som er ordna og katalogisert	230	230	0
Total bestand ordna og katalogisert	5899	5861	38

I 2017 tok vi i bruk Asta til bestandsregistrering av arkiv. Dette for å få betre oversikt over alle arkiva våre og kor dei er plassert i magasin. Magasina våre er i stadig endring. Arkivmengda i depota våre har auka kraftig dei siste åra. Det inneber ikkje berre eit auka krav til effektivitet og nytenking, men også ei betydeleg større mengde materiale å plassere, registrere og ikkje minst ekspedere i ved spørsmål etter dokumentasjon.

I siste halvdel av 2015 vart to av magasin med personregister kartlagde og plassering registrert for seinare depotstyring i Asta. Noko registrering står att i eitt magasin for personregister. I løpet av 2016 blei alle privatarkiva bestandsregistrert, og i 2017 starta arbeidet med å bestandsregistrere dei eldre og historiske arkiva i Asta. I tillegg skal arkiva komprimerast og rokerast om i magasin. I 2017 har vi bestandsregistrert 344 hyllemeter med arkivmateriale. I tillegg er alt personregister og store delar av det eldre arkivet bestandsregistrert i eigne Excel-skjema. Målet er å få alt i eitt system.

Registrering og publisering

Det har blitt registrert færre arkiv i 2017 enn i 2016. I Asta har det blitt registrert 99 arkiv, 3 314 arkivstykke og 13 337 mapper i den digitale arkivkatalogen. Forklaringa er at vi har tatt imot store arkiv som er svært uordna og som det tar tid å få oversikt over, ordne og registrere. Vidare har vi tatt imot store mengder personregistermateriale som ikkje er registrert på mappenivå i Asta, men i eigne Excel-skjema. Ikkje alle arkiv har administrasjonshistorie, metadata eller er plassert i depot. Dette gjeld spesielt arkiv som er registrert ute i kommunane, men importert i Asta av IKAMR. Ved manglande utfylling av metadata vil statistikkane frå Asta vere mangelfulle. Gjer elles oppmerksom på at alle personregister som kom inn før 2017 ikkje er registrert i Asta, men i eigne skjema. Dette gjeld også for en del av det eldre materialet.

Alle arkiv som blir ordna og registrert i Asta blir ved slutføring publisert på arkivportalen.no etter kvalitetssjekk og restriksjonsvurdering. I 2017 har vi publisert 211 arkiv og 1658 arkivstykke (protokollar og arkivboksar), men vi har derimot fjerna store mengder mapper frå arkivportalen. Det vart gjort på grunn av interne kvalitetskontrollar.

I 2017 har ikkje IKAMR hatt kapasitet til å ordne nokon av arkiva frå før den førre store runda med kommunereform på 1960-talet.

Tabell - Registrering og publisering:

	Mengde per 31.12.2017	Mengde per 31.12.2016	Tilvekst 01.01.2017- 31.12.2017
Registrerte arkiv	2900	2801	99
Registrerte stykker	43523	40209	3314
Registrerte mapper	149 265	135 928	13 337
Publiserte arkiv	774	563	211
Publiserte stykker	9164	7506	1658
Publiserte mapper	6569	9072	2503

Depot

Arbeidet med å skaffe seg oversikt over arkivbestanden, beskrive arkiva og publisere bestanden på arkivportalen vil vere svært viktig fram mot kommunereforma.

For å bestandsregistrere eldre arkiv trengst det stor kompetanse og det er ein tidkrevjande prosess då det er mange forskjellige typar arkiv frå ein stor tidsperiode som må registrerast, plasserast og beskrivast. Alle arkiv som kjem inn framover blir beskrive, bestandsregistrert og publisert på arkivportalen.no, men vi har eit etterslep frå tidlegare. Å få ei oversikt over kva arkiv IKAMR oppbevarer er essensielt for at vi skal finne den dokumentasjon som er etterspurd på ein effektiv måte.

Vi har i 2017 fått endå betre oversikt over fukt- og temperatursituasjonen i dei 4 magasinane, og utbetra tilhøva der det trongst.

Førespurnader

Auken i mengde arkiv hos IKAMR fører til større mengde førespurnader. Talet på førespurnader aukar frå år til år. Til saman er det registrert 2775 journalpostar i 2017. Litt over 1400 av desse er inngåande. IKAMR tek imot flest førespurnader frå kommunane sjølve. Det gjeld innsyn i skulearkiv, fattigstyre, tannhelsearkiv, barnevernsarkiv, personalarkiv frå ulike einingar, formannskapsarkiv, kommunestyrearkiv og tekniske arkiv. Vi deler opp innsynsførespurnader i fire kategoriar: Avleveringslister, Innsyn historisk, Innsyn personregister og Arkivfaglege/administrative spørsmål. Innanfor desse tala er ikkje førespurnader til Sedak, Kulturnett eller Fylkesfotoarkivet tatt med.

Kommune	Avleveringslister	Innsyn historisk	Innsyn personregister	Arkivfaglege/administrative spørsmål	Sum
Aukra	6	3	1	5	15
Aure	3	2	1	3	9
Averøy	2	0	3	1	6
Eide	3	2	3	5	13
Fræna	5	2	4	10	21
Giske	4	5	0	3	12
Gjemnes	0	1	0	1	2
Halsa	0	0	1	0	1
Haram	0	4	5	0	9
Hareid	4	0	1	1	6
Herøy	4	12	6	0	22
Kristiansund	13	14	16	5	48
Midsund	2	0	0	2	4
Molde	17	7	12	13	49
MRFK	7	2	93	14	116
Nesset	0	2	7	2	11
Norddal	1	2	1	2	6
Rauma	1	4	2	5	12
Rindal	0	0	0	1	1
Sande	7	1	2	3	13
Sandøy	0	5	0	2	7
Skodje	0	4	1	4	9
Smøla	1	2	0	0	3
Stordal	1	0	0	3	4
Stranda	2	4	2	3	11
Sula	1	0	4	2	7
Sunndal	5	1	9	4	7
Surnadal	6	0	4	0	10
Sykkylven	5	1	3	2	11
Tingvoll	3	4	0	0	7
Ulstein	8	1	9	4	22
Vanylven	0	0	1	2	3
Vestnes	5	4	3	5	17
Volda	15	5	5	4	29
Ørskog	4	6	7	2	19
Ørsta	13	7	5	4	29
Ålesund	2	66	32	5	105
Saker	150	173	243	122	676

Det er også tydeleg at fleire er interessert i å finne ut om slekt, og fleire tek kontakt med oss for hjelp. Lesesalen er registrert nytta 70 gongar i 2017. Dei aller fleste som kjem innom er frå Sunnmøre, men vi har brukarar frå heile fylket, og frå ulike delar av landet. Nokre av besøka krev mykje arbeid på førehand.

Frå www.ikamr.no:

28.03.2017

REKORDBESØK VED IKAMR SIN LESESAL



Idag er det ein merkedag ved IKAMR. Vi har aldri før hatt så mange lesesalsbesøkande på ein gong. Heile 5 stykker!

Lesalen vår er jamnt over godt besøkt. Ein til to gjestar i veka i gjennomsnitt. Ein sjeldan gong to samtidig. Men dagens oppmøte har vi ikkje sett maken til før. Vi ønsker alle velkomne - og er glade for at arkiva våre og kunnskapen vår vert brukt! Der det er hjerterom er det husrom.

Kategori:
Eldre arkiv

Frå venstre mot høgre: Ole Dahle, Randi Viddal, Marit Pauline Kvalsvik, Kai Løseth og Britt Unni Sporsheim. Foto: Åsta Vadset, IKAMR.

Formidlingsverksemd

IKAMR stod for ein del større og mindre arrangement i 2017. Det vart arrangert Kontaktkonferanse, Arkivdag og Kjenn din egen by. Med bra besøkstal har IKAMR sett på desse arrangementa som suksessfulle og populære blant kommunane og befolkninga. IKAMR har også vore ute hos kommunane og halde kurs og gitt råd i arkivfaglege spørsmål.

Sjå eige avsnitt om Arkivdagen.

Dei historiske arkiva vart belyst fleire gongar i Sunnmørsposten og andre lokalaviser i fylket. Det er tydeleg at historisk materiale er av interesse for media.

Under er eit utklipp frå Sunnmørsposten (01.04.2017) som omtalar kva mastergradstudent Vegard Riksheim Tandstad finn av dokumentasjon på skuleborna si oppleving av krigen og då freden kom.

Da freden var den største dagen i livet

Larkbokser som knapt har vært åpnet på generasjoner, finner Vegard Rikshem Tøndstad skolebarns egne ord på hvordan de opplevde krigen – og da freden kom.

Han skriver masteroppgave i historie om skolebarns opplevelser av 2. verdenskrig i Ålesund.

Har intervjuet 20 elever

Summeroppgaven har tidligere omtalt lektorstudenten ved NTNUI i Trondheim, som etterlotte elever ved Aspøy skole i 1940-45 og like etter krigen.

Nå har han intervjuet 20 av dem. I mai skal oppgaven være ferdig, og det meste av kildematerialet er innhentet.

Ved siden av de mannlige kildene, hverdagshistorier de tidligere elevene selv har fortalt, har 20-åringen fra Sykkylven også funnet skatter i det lokale kommunale arkivet i Ålesund.

Blant annet eksamenbesvarelser i norskfaget for åvingskullet ved folkeskolen på Aspøy i juni 1945. Da kunne elevene velge blant to oppgaver: «En dag jeg var heldig» eller «Den største dagen i mitt liv».

«Her skriver svært mange av elevene om da freden kom til Norge, og gir forskjellige beskrivelser av hvordan de opplevde denne største dagen i deres liv», forteller Tøndstad.

De fleste var 14-åring, men enkelte ble de fire den gang kunne man «dumpe», altså måtte la skolen om igjen.

Elevene som er intervjuet er i dag godt oppe i 80-årene, og blant dem like mange menn som kvinner.

Barna gikk på Aspøy og Narvik skoler i løpet av årene 1940-45. Elever fra sistnevnte skole ble flytta til Aspøy da tyskerne overtok Narvikskolen i 1942.

«Elevenes alder under krigen, var avgjørende for hvilken innstilling de hadde til tyskerne. De eldste husker dem som fiender, mens de yngre hadde

mindre avstand til dem.

Jentene merket i større grad at det ble som karnt på, dersom man ikke holdt avstand til tyskere. Det var forskjell på hva jentene og guttene kunne gjøre.

Bilendingsgandner, svenske støps, de tyske stillingene på Storhaugen, bomberom i kjøletøret og soldatene i gåtene er andre ting mange husker.

«For mange var flyalarmene som varnet om luftangrep, og reaksjonen for det som kunne skje, det verste, forteller Tøndstad.

Han har også hørt om tapet av en klassekamerat som gikk på en misse ved Tjøneet, mareritt om flyalarmen til langt opp i voksenalvret – og hvordan enkelte 70 år etter fortsatt ve-grer seg for å gå i frirområder som var angrepet av tyskerne under krigen.

Elevene var tilpansingsdyktige fordi de måtte være det

Vegard R. Tøndstad

Samhold og disiplin

Det fortelles om streng disiplin i skolelivet, men at lærerne var flinke til å holde livet mest mulig som normalt.

«Det var fortsatt pynte- og leksekuler, og tiden med fysisk avstraffelse var ikke forbi. Men svært få har i ettertid nå til karene som drev med dette. For lærerne hadde det jo også vanskeligheter, er fortalt på skolen, men det kameratskapet blant ungdom i gata sto ekstra sterkt.

«Elevene var tilpansingsdyktige fordi de måtte være det. Mange forteller om hvor viktige lærerne og foreldrene var for dem.

Skolebladet ble sterkt redusert, mye på grunn av plassmangel og fordi skolen ofte måtte stenges av ulike grunner.



FOREDRAG: Om lag 60 ti hørene fikk med seg Tøndstads foredrag på Aspøy skole mandag. FOTO: SIKRING ERHJELPES/ÅLESUND HISTORIELAG

ARKIVKUNN Vegard Rikshem Tøndstad har funnet nasjonale historier fra Aspøy skole under krigen, her ved Internasjonal arkiv i Ålesund. FOTO: STALE WATB

Det siste krigsåret gikk 40 prosent av skoledagene vekst. Men ingen jeg har snakket med føler seg stytt for læreren. De lærte ellers så mye av krigen og hverdagen, sier Tøndstad.

Han har også fått høre om hvordan elevene med fordel i Nasjonal Samling (NS) ble sett på – og hvordan disse ble behandlet under og etter krigen.

«Jeg har ikke intervjuet noen som selv var blant disse, men det hadde vært interessant for å få et annet perspektiv på tids og skolegangen, sier han.

Tøndstad forteller at det første skoleåret etter krigen ble opplevd svært positivt av elevene han har snakket med.

«Ses en av dem sier det, da var skolen som et eventyr.

Foredrag med historielaget
Mandag holdt Vegard Tøndstad

foredrag i gymnasen på Aspøy skole, i regi av Ålesund Historielag. Blant de om lag 60 fremmøtte var det elever fra krigens dager.

Deriblant Bjørne Haagensten (85). Han gikk på Aspøyskolen under hele krigen, og var avgangselev våren 1945.

«Jeg vokste opp i Giskegata, og det bodde 150 unger bare i gateubben forbi skolen, forteller han.

Huset familien bodde i lå

bare fem meter fra piggråden som tyskerne spærret av Storhaugen med.

«Et spennende tid

Det var et spennende tid. Vi hadde det veldig bra på skolen, og mye moro. Men lærerne holdt streng disiplin, forteller Haagensten.

En gang skanseskala nord for skolen ble bombet av allierte fly, måtte de springe mot bombetrommet og dukke mens de

På IKAMR sine nettsider vart det produsert 50 artiklar i 2017.

4.2 Personregister

IKAMR hadde per desember 2017 totalt fått inn 2151 hyllemeter med personregister. 227 av disse hyllemeterane ble mottatt i 2017. Det vart tatt imot 138 hyllemeter meir i 2017 enn i 2016.

I 2017 vart det registrert 243 førespurnader i Acos Websak på dette arkivmaterialet, mot 200 saker i 2016. Dette er ein auke i førespurnadar på 21,5%. Arbeidsmengda knytt til førespurnader varierer stort. Dokumentasjon av rettar krev til dømes at ein også må leite fram i arkiv som ikkje er av typen personregister. Saksbehandlingstida kan i slike tilfelle bli opp mot ei veke.

Det er brukt tid på innsyn, attfinning og mottak av personregister. I tillegg er rettleiing i ordning og føring av avleveringslister tidkrevjande. Det er betydeleg auke i talet på førespurnader vedkomande reglar, rutinar og lovverk i helse- og sosial-, skule- og barnehagesektoren. Denne type førespurnader kan vere alt frå innkjøp av lim til etikettar, kassasjon og bevaringsvurderingar, til journalføring i sak- og journalsystem. I tillegg kjem mange spørsmål vedkomande fagsystem, særleg i helse- og omsorg og skule.

Åsta Vadset har vore leigd ut i 50% stilling til Møre og Romsdal fylkeskommune for å handtere framfinning og tilgjengeleggjering av arkivdokumentasjon for *Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal* og *Oppreisningsordninga for barn og unge som etter 23. august 1960 var innlagt og behandla for tuberkulose*.

4.3 Elektroniske arkiv

Digitalt skapt arkivmateriale frå eigarkommunane skal på same måte som papirarkiv deponerast til IKAMR. Sikring og bevaring av elektroniske arkiv krev spesialkompetanse. Kommunearkiv-institusjonenes Digitale Ressurssenter (KDRS) med sine medlems-institusjonar (KAI) og el-arkiv fagmiljø har stor betydning for IKAMR sitt arbeid for bevaring og tilgjengeleggjering av digitalt skapt materiale. IKAMR nyttar depotforvaltningssystemet til KDRS for bevaring av deponerte elektroniske arkiv frå eigarkommunane, med satellittlagring i Mo i Rana og på Riksarkivet i Oslo.

IKAMR følger KDRS prosessar og rutinar for mottak, validering og bevaring av digitalt skapt materiale. KDRS produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering av elektroniske arkiv beskriv metodikk og praktisk gjennomføring for handsaming av dei ulike systema som skal bli bevart og formidla.

Resultat i 2017 for bevaring av elektroniske arkiv i IKAMR:

- a) IKAMR nyttar KDRS prosessar og rutinar for digitalt skapt materiale
- b) IKAMR nyttar KDRS produksjonslinje for bevaring av elektroniske system
 - I. Mottak og validering av Innleveringspakke frå eigarkommunane (arkivskapar)
 - II. Lage Arkivpakke frå Innleveringspakke
 - III. Bevare Arkivpakkar i KDRS sitt depotforvaltningssystem

Resultat i 2017 for bevaring av elektroniske arkiv for alle 37 kommunar/fylkeskommunen:

- a) Deponert 11 Innleveringspakkar frå eigarkommunane
- b) Godkjent 1 deponert Arkivpakke IKAMR
- c) Laga mal-sett for «Bevaringsplan elarkiv» til eigarkommunane
- d) Informasjon om IKAMR og KDRS prosessar, rutinar og produksjonslinje for bevaring og tilgjengeleggjering sendt til eigarkommunane og IKT regionane (IKT ORKidé, ROR-IKT, SSIKT og eKommune Sunnmøre).

IKAMR deltok i nasjonale prosjekt for elektroniske arkiv:

- KDRS *Utforming av felles prosesser og rutiner for digitalt skapt materiale*
- KDRS *Produksjonslinje for bevaring og formidling av elektroniske arkiv fra kommunal sektor*

4.4 Privatarkivarbeid

Prosjekt med å digitalisere skipsteikningar og fartøyhistorie i samarbeid med SEDAK, Næringshistorisk Forening og Stiftelsen Maritim Historie i Kristiansund held fram. Programvara som er skaffa kan nyttast både på kart, teikningar, notar og foto. Næringshistorisk Forening har etablert heimeside og andre nettbaserte løysingar for å spreie informasjon om historia til det mangfaldige næringslivet i fylket.

IKAMR er depot for Arbeiderbevegelsens Arkiv i Møre og Romsdal som betalar for tenesta. I 2017 har vi tatt imot fleire deponeringar. Det meste av det som kjem er ikkje ordna og gjennomgått, noko som gjer at det tar stor plass. LO i fylket i samarbeid med IKA har tatt føre seg eitt fagforeiningsarkiv, noko som medførte ein reduksjon i volum på nesten 90%.

Vi har tatt inn fleire arkiv frå lag og foreiningar, og det er pågang frå fleire. Det er behov for ei arkivordning for idrettslag i fylket. I samsvar med bevaringsplanen har vi vore i kontakt med idrettskrinsen om dette, utfordringa er finansiering.

Vi vil ikkje kunne ta kostnadane ved å bevare arkiv for betalingsdyktige aktørar. I vårt fylke vil det vere ein fordel om dei politiske partia tar ansvar for sine arkiv og får dei deponert hos IKAMR.

Gunnar Morsund har halde fleire kurs om arkiv og søking etter dokumentasjon for lag og foreiningar. Han har også gjennomført synfaringar og gitt råd til ulike organisasjonar om arkivering.

Desse organisasjonssektorane er viktige med tanke på den påverknaden dei har hatt på kulturen i fylket:

- a) Fråhaldsrørsla (DNT, IOGT, Blå Kors)
- b) Frilynde ungdomslag og mållag (kanskje i samarbeid med Ivar Aasen-tunet)
- c) Den kristne lekmanrørsla – indremisjonen. Ytremisjon skal vere dekt av Misjonsarkivet (i hovudsak NMS) som har løyvingar på statsbudsjettet
- d) Musikkorganisasjonane – gjerne etter same ordning som Arbeiderbevegelsens arkiv
- e) Næringsorganisasjonar som fiskarlag og bondelag

f) Samfunnsorganisasjonar som helselag, sanitetsforeiningar, husmorlag

Det er få registrerte personarkiv i fylket, og det vert ikkje tilrådd noko form for prioritering av dette området.

Frå og med 2018 har fylkeskommunen auka løyvinga til privatarkivarbeid, noko som gjer at IKAMR kan auke innsatsen på området. 11 kommunar er tilslutta privatarkivordninga, noko som gjer at arkiv frå ikkje betalingsdyktige arkivskaparar kan plasserast vederlagsfritt hos IKAMR.

IKAMR er fylkeskoordinerande ledd for privatarkiv i fylket.

Gunnar Morsund har tatt del i møte og samlingar i regi av Riksarkivet (SAMDOK o.a.) og Arkivforbundet.

4.5 Prosjektarbeid i 2017

I samsvar med Selskapsavtalen §4 kan IKAMR ta på seg arbeid utanom arkivet sine ordinære arbeidsoppgåver. Desse prosjekta blir finansiert av oppdragsgjevar. I 2017 har IKAMR vore involvert i følgjande prosjekt:

Objekt- kode	For kven og kva	Status
2002	Sandøy – Ordning av arkiv + digitalisering av byggesaksarkiv	Påbegynt
2004	Averøy - Ordning	Påbegynt
2008	Aukra kommune – Ordning sakarkiv	Påbegynt
2010	Norddal kommune – Pasientjournalar	Avslutta
2011	Tingvoll kommune - Mottak av byggesaksarkiv	Avslutta
2012	Borgund vgs - Sakarkiv etter Ørskog vgs	Avslutta
2013	Smøla - Personarkiv	Påbegynt
2014	Ørsta - Digitalisering byggesaksarkiv	Påbegynt
2015	Eide - byggesaksarkiv	Avslutta
2016	Fylkeskommunen - Oppreisingsordninga	Løpande
2019	Herøy - Barnevern- og sosialarkiv	Påbegynt
2020	Fylkesbiblioteket - ordning arkivmateriale	Påbegynt
2021	Fylkeskommunen - Digitalisering kulturavd. KULTV	Påbegynt
2022	Fylkeskommunen - Digitalisering av arkivdel KIRK	Avslutta
2023	Averøy - prosjekt 2 - ordning	Påbegynt
2024	Fylkeskommunen - Digitalisering av arkivdel 652/652 T07	Signert
2025	Ålesund – Digitalisering	Avslutta
2026	Vestnes – Digitalisering av byggesakarkiv	Signert
2027	Skodje – Digitalisering av byggesakarkiv	Signert
2028	Rauma kommune – digitalisering av byggesak	Signert
2029	Ålesund kommune – NAV	Påbegynt
2030	Surnadal vgs – ordning av arkiv	Påbegynt
2031	Vestnes kommune – sak og skulearkiv	Signert
2037	Sandøy kommune – digitalisering av teknisk sakarkiv	Signert

I 2017 vart det signert nye avtalar om ordning og digitaliseringsoppdrag med:

- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Ålesund kommune
- Vestnes kommune
- Skodje kommune

- Rauma kommune
- NAV Ålesund
- Surnadal vgs

Det vart avslutta prosjekta for desse i 2017:

- Norddal kommune
- Tingvoll kommune
- Borgund vgs
- Eide kommune
- Møre og Romsdal fylkeskommune

4.6 Kulturnett Møre og Romsdal

2017 har vore det året ein har lagt inn mykje digitalisert materiale i ny kulturdatabase. Dette gjeld digitalisert materiale som ikkje har plass i eksisterande regionale og nasjonale kulturdatabasar.

Kulturkalender

Kulturkalender ligg som tidlegare år på jamt 400 arrangement per måned.

Stadnamn

Kulturnett har i 2017 jobba med digital kartfesting av namn frå Sykkylven og Ålesund kommunar. Digitalisering av kassetar med lydopptak av lydband er også blitt sett i gang. Omtrent 10 000 stadnamn er no digitale lydfiler.

I tillegg har ein jobba med å få kart over stadnamn frå Eide kommune. Desse er no på plass i magasinet.

Samarbeidspartnarar i fylket

Samarbeidspartnarane for Kulturnett er dei same. Det er større institusjonar innanfor kulturfeltet som sender pressemeldingar og anna redaksjonelt stoff som vi nyttar som nyheiter på heimesida vår. Vi vil trekke fram dei same som tidlegare år Møre og Romsdal fylkeskommune, Jazzfestivalen, Ivar Aasen-tunet, Operaen i Kristiansund og Kunstsenteret i Møre og Romsdal.

Forholdet til Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane

Kulturnett er nøgd med hjelp ein har fått med stadnamnbasen i Sogn og Fjordane.

Mål frå Årsplan 2017

- i 2017 har vi fylt db.ikamr.no med innhald
- Kulturdatabasen vart sett i drift og det er skrive under kontrakt på drift av databasen
- skulle starte arbeidet med stadnamna for Sykkylven og Eide. Vi fekk starta med Sykkylven, men pga av manglande kart frå Eide arbeidde vi også med Ålesund
- Vi vart bedne om å ikkje lage ny nettstad for Kulturnett MR før Møre og Romsdal fylkeskommune var ferdig med sin. Dei var ikkje ferdig ved utgangen av 2017. Derfor er ikkje måla for 2017 fullført. Det gjeld tilpassing av heimesida til nye databasar og nye moderne kartvisingar
- det planlagde møte om kulturdatabasar med Sogn og Fjordane vart ikkje gjennomført

Økonomi

Mykje arbeid er lagt ned i ein søknad om auka ramme for driftstilskot for KnMR, FAK, SEDAK og Privatarkiv. Ramma vart utvida med totalt 600 000,- årleg for desse. Tilskotet vart vedtatt og gjeld frå 01.01.2018.

Kulturnett brukte frå det bundne fondet kroner 156000. Budsjettet for bruk av fond var på kroner 164 500. Det meste er gått til ekstrarhjelp med stadnamn og digitaliserte protokollar, samt drift av ny kulturdatabase.

Aktivitet

24.01. og 25.01. 2017 Styret til IKA Kongsberg
 22.03. 2017 Møte om reiselivsplattforma Æve
 19.04. 2017 Foredrag for NITO
 01.06. 2017 Dialogmøte med Kulturavdelinga, MR fylkeskommune
 16.08. 2017 Opning av Arkivenes hus
 27.09. 2017 Møte og foredrag for Kulturdirektøren og direktøren for Kulturrådet
 04.11. 2017 Arkivdagen

Konferanse/samlingar

18.10-19.10. 2017 Leiarrmøte eigarfinansiering Kongsberg
 26.10. 2017 Innspel Kulturmeldinga, Festiviteten i Kristiansund

4.7 FylkesFOTOarkivet

FylkesFOTOarkivet (FAK) sitt hovudfokus har i 2017, som i 2016, vore konsentrert om databasararbeid med opplasting og registrering av bilde i databasen, digitalisering av negativ frå egne fotografarkiv og arbeid med fylket si fotografhistorie.

Fram til fotograflauget sitt 100-årsjubileum 1917-2017, som vart feira tidleg haust, fekk FAK stilt ferdig ei digital utgåve av nesten alle årgangar av fagbladet Norsk Fotografisk Tidsskrift. Jubileet topa seg med eiga fotohistorisk heimeside www.100år.no (www.mrfl.no). Gjennom til saman 10 sider i Sunnmørsposten, Romsdals Budstikke og Tidens Krav vart Møre og Romsdal fotograflaug si historie presentert på stiftingsdatoen laurdag 29. juli.

I alt vart ca. 20.000 negativ og bilete av ymse slag digitaliserte i 2017. I stor grad vart digitaliseringa utført av FAK sin største frivillige ressurs: «DIS-gjengen».

Hovudoppgåver 2017

Samarbeid med frivillige
 Digitalisering av fotografarkiv
 Digitalisering av bilde og negativarkiv etter ØyAvis i Midsund
 Utstillings-, konsulent- og formidlingsarbeid

Fagleg arbeid, internt

Databasarbeidet, tilrettelegging, registrering, kontroll og vedlikehald av data har vore ein hovudaktivitet ved FAK i 2017. Etter at «brukarmodulen» kom på plass nærast eksploderte publikumsbidraga. Det er framleis feil og manglar med den nye databasen. Særleg lagring i samband med registreringa tek tid.

Fagleg arbeid, eksterntSogelag:

Samarbeid med Vestnes sogelag om digitalisering av arkiva etter fotografane Kristoffer Aas og Lars Pedersen i Vestnes var viktigaste nye prosjekt i 2017. Arkivet er stort, med glasplater frå 1925 til plastfilm fram til ca. 1980. Fotogruppa i sogelaget er sterk og kompetent og har lagt lista høgt for dei komande åra.

Ørskog Historielag og Stranda sogelag: Nyregistrering, digitalisering og registrering.

Kommunar:

Aure: Registrering av «Grensebuarbevis»
 Sunndal: Arbeid med Mulvikarkivet
 Ørsta: Digitalisering av Vellearkivet
 Sula: Registrering av Nerland- og Fyllingarkiva

Museum:

Nordmøre museum: Digitalisering, registrering og konsulentarbeid.

Nasjonalt:

Det nasjonale nettverket for foto, prosjektarbeid med foto og etikk.

Andre:

Dialogen med publikum, bidrag med nye opplysningar til bilda og korrigerering av gamle, ekstern hjelp til produksjon av namnekart m.m. er også ein del av det eksterne, men dugnadsbaserte faglege arbeidet. Det kom inn over 1.000 brukarkommentarar til databasen i 2017.

Formidling

FAK sine bilde vert formidla gjennom databasen Fylkesarkivet i Sogn og Fjordane.

Nedgang i tinging av fysiske bilde til ulik bruk forsterka seg i 2017. Det er ingen dramattikk i dette.

Årsak til nedgangen er først og fremst at publikum sjølv kopierer bilda frå nett og bruker dei digitalt privat, på eigne lokalhistoriske heimesider eller på sosiale media, og at FAK på ingen måte driv marknadsføring av sal av kopiar.

«Grensebuar-utstillinga», produsert til Arkivdagen 2016, vart seld og opna i Aure i april 2017.

Arkivdagen 2017 – Fortid, notid, framtid

FAK laga utstilling med bilde etter fotograf Alv Dale fødd for 100 år sidan, og ei markering av at Møre og Romsdal fotograflaug var 100. Sistnemnde i nært samarbeid med laugnet om fotoutstillinga som hang i trappane opp til Fjellstua i Ålesund.

«DIS-gjengen»

DIS-gjengen er nemnt innleiingsvis. Frå 5 til 9 personar har vore med i arbeidet på i alt 28 (30) dugnadskveldar i 2017. Omsett i "kveldsverk" à 3 timar er dugnadsinnsatsen rekna til om lag 680 (750) arbeidstimar. «Gjengen» har siste året arbeidd mykje med registrering (databasearbeid) og fortset med digitalisering av Vellearkivet (Ørsta), Oksavik-arkivet. Om lag 7.000 negativ vart digitaliserte av DIS-gjengen i 2017.

FylkesFOTOarkivet i tal	2017	2016	Tilvekst 2017	Tilvekst 2016
Bilde i alt	537 000*	515 000*	22 000 ***	1 500 **
Bilde i nettbasen, internt søk	190 000	180 000	10 000	5 710
Bilde i nettbasen, eksternt søk	189 000	157 707		3076
Brukarkommentarar	13469	12 494	975	1002
Arkiv/samlingar under FAK	1315	1 281	34	10

* Talet er det offisielt innrapporterte og justerte talet etter «nasjonal standard» der ein tek med alle eksemplar og variantar av eit bilete. Dette er bilete som FAK enten eig eller disponerer.

** Faktisk fysisk tilvekst. (Sponland(Simonnær/Moa: 580, KMb: 217)

*** Inkl. 20.000 35 negativ frå Øyavis-arkivet til deponering

Heimesider

FAK sine heimesider, www.fylkesfoto.no, vart oppdatert 15 gongar med glimt frå arbeidet gjennom heile året. Brukartatistikken syner nær 1.400.000 besøk/sidetreff av over 30.000 unike brukarar. Det er ein auke på over 5% besøk og nær 40% fleire unike brukarar. Tal frå sjølvne fotodatabasen føreligg ikkje.

Magasinarbeid

Tilveksten og arbeidet i fotomagasinnet har vore konsentrert om fotoarkivet etter ØyAvis i Midsund og mottak av digitaliserte glasplater frå Aas-Pedersen-arkivet i Vestnes. Det er rikeleg med oppgåver knytt til ordning av fleire arkiv i magasinet.

Seminar – Møter – Reiser (Utvalde)

18.01.2017 Reise Ulstein: Fotografbesøk: Olav Hjertnes

20.01.2017 Reise Giske: Elias Giske sitt arkiv

05.02.2017 Reise Molde: Årsmøte i Møre og Romsdal Fotograflaug

24.03.2017	Reise Stavanger: Årsmøte i Institusjonsfotografenes forening
05.04.2017	Reise Molde: DIS-møte og foredrag
28.04.2017	Reise Aure: Opning og foredrag "Grensebruarstillinga"
02.05.2017	Reise Kristiansund: Rigging av fotoutstillingar IFF og NFF, Nordic Light
02.05.2017	Reise Midsund: Henta Øyaavis-arkivet
29.05.2017	Reise Vestnes: Møte med Vestnes sogelag
14.06.2017	Reise Kristiansund: IKAMR kontaktkonferanse
16.06.2017	Reise Nordmøre museum: Arbeid med fotograf Claus Monge
16.06.2017	Reise Kristiansund: Jubileumsmøte i Fotohistorisk forening avd.
19.06.2017	Reise Vestnes: Fiksdal Vel
19.09.2017	Reise Oslo: Fotobevaringskonferansen (2 dagar)
21.09.2017	Reise Oslo: Nettverksmøte
26.10.2017	Reise Vestnes: Digitaliseringssøk
22.11.2017	Reise Vestnes: Møte vedkomande Aas-Pedersen-arkivet
08.12.2017	Reise Eidsnes: Henta Nerland restarkiv

Ekstrahjelp

Digitalisering av Mulvikarkivet.

Utstyr

Ut over media for datalagring og backup, vart det ikkje kjøpt inn nytt utstyr ved FAK i 2017.

4.8 Fylkessenter for digitalisering av kulturarven – SEDAK

Fylkessenter for digitalisering av kulturarven (SEDAK) vart fast etablert 01.01.2013. Finansiert med ei 100% stilling av Møre og Romsdal fylkeskommune. Organisatorisk knytt til IKA Møre og Romsdal, og lokalisert saman med IKA Møre og Romsdal, Kulturnett og FylkesFOTOarkivet.

Hovudoppgåver

- Digitalisering
- Fagleg leiing i høve digitaliseringsoppdrag
- Vidareutvikling og kvalitetssikring av arbeidsmetodikk

Satsingar i 2017

- Ferdigstilling av tidlegare tinga oppdrag
- Deltaking i hovudprosjektet til Nasjonal Publiseringsplattform (NAPSA) kom ikkje i gang sidan Arkivverket som eig prosjektet ikkje hadde organisasjonsstrukturen på plass
- Fotografølring, her var vi på besøk til Ålesund vidaregåande skule og Volda vidaregåande skule for å fortelje om SEDAK og lærlingordninga

Oppdrag:

Statsbygg – digitalisering og fileksport av arkitektheikningar

Folkemusikkarkivet – digitalisering og fileksport

Jugendstilsenteret – digitalisering av Fürst-arkivet

Jugendstilsenteret – digitalisering av bok

Møre og Romsdal fylkeskommune – digitalisering og fileksport av fleire kulturarkiv

Ålesund kommune – digitalisering av særskilte og kompliserte store og små dokument/teikningar/kart i byggesaksarkivet

Ørsta kommune – digitalisering og filimport i system, Documaster

Oppdrag internt

Underteikna har vore involvert i følgjande prosjekt internt for IKA Møre og Romsdal:

- Open dag ved Arkivdagen 2017 og «Kjenn din egen by»
- Deltaking i prosessen av prosjektilsette, gjennomgang av søknadar og intervju
- Lønnsforhandlingar for fagorganiserte medlemmer i Forskerforbundet ved IKAMR

- Deltaking som varatillitsvalt ved fleire styremøte
- Fotografering av nye tilsette i studio og reportasjefotografering ved synfaringar og spesielle hendingar

Kompetanseheving

Arbeidet med vidareutvikling og kvalitetssikring av arbeidsmetodikk, samt utstyr- og programvareforståing har blitt gjennomført ved hjelp av faglege fysiske besøk hjå andre institusjonar og fagmesse og gjennom kursing via Skype og webinar.

Deltaking på 2+3D Photography – Practice and Prophecies konferanse ved Rijksmuseum i Amsterdam, Nederland og Phase One Certified Professional Cultural Heritage sertifiseringskurs i London i Storbritannia. Fagleg besøk til British Library, konserveringsavdelinga og digitaliseringsavdelinga.
Online kursing med LYRISIS

Ressursar

SEDAK og IKAMR gjennomførte fleire større investeringar som planlagt både på maskinvare, dataskjermar, programvare, studioutstyr og kamerautstyr. Ein kan trygt seie at utstyret som har blitt investert i 2017 er kome opp på eit nivå som gjer det mogleg å levere den forventa kvaliteten i mange år framover.

5. SYNFARINGAR, KURS, KONFERANSAR OG ANNA

5.1 Synfaringar, kurs og foredrag

IKAMR har vore på synfaringar hos følgande i 2017:

- Norddal kommune
- Midsund kommune
- Giske kommune
- Rauma kommune – byggesakarkiv
- Rindal kommune
- Ørsta kommune
- Sandøy kommune
- Rauma kommune – førebu tilsyn
- Volda kommune – helsearkiv
- Aure kommune + arkiv frå nedlagde Tustna kommune
- Ulstein kommune
- Kristiansund kommune
- Vestnes kommune
- Stordal kommune
- Surnadal vgs
- Stranda kommune
- Søre Sunnmøre Landbrukskontor
- NAV – Ålesund
- Møre og Romsdal fylkeskommune (kulturavd. – kulturvernarkiv)

Det vart arrangert ei arkivplansamling i 2017.

Dagleg leiar heldt foredrag om «Arkivering i oppvekstsektoren» på IKT Orkidé sin fagdag.

5.2 Kontaktkonferansen

Konferansen var på Quality Grand Hotel, Kristiansund 14.-15. juni. Det var 90 deltakarar frå 30 kommunar og fylkeskommunen. I tillegg var det 9 personar frå IKAMR og 9 eksterne foredragshaldarar.

Tema var:

- Orientering om arbeidet ved IKA Møre og Romsdal ved Geir Håvard Ellingseter, IKAMR
- Ny personvernforordning – konsekvensar for arkiva, Knut B. Kaspersen – Datatilsynet
- Endringar i arkivlovgivinga, Anna Malmø Lund – Arkivverket
- Bevaring og kassasjon, Gudmund Valderhaug – HIOA
- Bevaring og kassasjon – funksjonsområde barnehage, Nina Fossbakk - Stjørdal kommune
- Korleis mislukkast med innføring av elektroniske arkiv, Rune Lothe - IKA Hordaland
- Erfaringar som arkivstudent, Liv Jorunn Horgheim - Rauma kommune
- Kommunereform i praksis, Jahn Pettersen – Sandefjord kommune
- Brann i kommunehuset, Sissel Hauge Søreide - Gloppen kommune
- Skytenester og arkiv, Dagfinn Grønvik - Møre og Romsdal fylkeskommune og Geir Håvard Ellingseter – IKAMR

På Konkttaktkonferansen vart prisen Årets arkivar Møre og Romsdal delt ut for første gong. Annlag Knardal Myklebust, arkivleiar i Sandøy kommune, vart tildelt prisen Årets arkivar 2017.



Vi tok imot evalueringsskjema frå deltakarane og 16% vurderte totalinntrykket av konferansen til karakter 6, 50 % til karakter 5, 25% til karakter 4. Vi fekk tilbakemeldingar om at programmet var aktuelt, matnyttig og at foredragshaldarane formidla innhaldet på ein god måte. Dette er ein viktig arkivfagleg samlingsplass for dei tilsette i kommunane.

5.3 Høyring

IKAMR leverte høyringsinnspel til ny arkivforskrift. Ny forskrift vart gjeldande frå 01.01.2018.

5.4 Open dag

Open dag ved IKAMR i forbindelse med byarrangementet "Kjenn din egen by" 23.04.2017. Besøkande fekk omvising i magasinane, presentasjon av digitalisering ved SEDAK og informasjon om Fylkesfotoarkivaren.



Foto: Zane Aboltina, SEDAK/IKAMR.

5.5 Arkivdagen 2017

Arkivdagen blir arrangert kvart år og er eit samarbeid mellom arkiv i heile Norden og omfattar alle typar arkivinstitusjonar. Hensikta med Arkivdagen er å vekke interesse for arkiva som samfunnet sitt minne – både for fortid og framtid.

Årets arkivdag ved IKAMR vart arrangert laurdag 04.11.2017. Temaet var "Fortid – notid - framtid".

Gudmund Valderhaug, førstelektor ved Institutt for arkiv-, bibliotek og informasjonsfag ved Høgskolen i Oslo og Akershus, heldt eit innlegg om kvifor arkiv er viktig og kva for innverknad arkiva har i vår kvardag utan at vi tenker over det. Aina Basso, forfattar og historikar, heldt eit spennande innlegg om hennar bruk av arkiv som kjelde til romanar. Åge Brekk, leiar for sekretariatet for Oppreisningsordninga for tidlegare barnevernsbarn i Møre og Romsdal, fortalde om arkiva sin veldige verdi for mogleg oppreising for tidlegare barnevernsbarn. Til slutt snakka styreleiar Perry Ulvestad om framtid og utfordringar på arkivfeltet for IKAMR.

● Lørdag er det åpen dag på Interkommunalt Arkiv for Møre og Romsdal

Fortid, nåtid, framtid – bruk arkivene!

Hvordan kan vi bruke arkiv som kilde til å skrive romaner? Eller sikre oppreisning til barnevernsbarn? Og hva nytt kan vi finne med digitalisering av arkivene?

Dette og mye mer kan du få svar på om du tar turen til Kirkegata 10 B i Ålesund lørdag.

Der åpner Interkommunalt arkiv for Møre og Romsdal dørene for publikum, både til offentlige og private arkiv.

På Latinskolen stiller foredragsholdere som forteller om bruksområder og all informasjon arkivene kan gi oss, under temaet «Fortid, nåtid, framtid».

Allsidig
Det fantastiske hovedbildet til høyre er tatt av fotograf Sigvald Moe i 1924, og viser handelsmannen Christian Julius Steffensen sammen med kona og de 10 barna sine hjemme i Kirkegata 10 i Ålesund.

I 1902 starta Steffensen et firma der han importerte og omsatte varer fra koloniene, deriblant kaffe, og norske produkter. I 1914 bygget han eget kaffebeemeri, som ble utvidet i 1923. Firmaet solgte også kraftfor, fersk krydder, kunstgjødsel og hermetikker. Og bygde blant annet eget tangtøkeri, forteller Dan André Velle, rådgiver hos IKA Møre og Romsdal.

Tilpassingsdyktig
Lørdag vil han ta publikum med for å vise fram arkivet etter den kjente norske arkitekten Jens Flor, som blant annet var byarkitekt i Ålesund (1908-1909) og over mange år gjorde mange jobber for handelsfamilien Steffensen. Som stadig utvidet, og der noen av sønnene etter hvert tok over deler av virksomheten.

I arkivene til IKA står det den kjente arkitekten.
— Christian J. Steffensen var svært tilpassingsdyktig, og satte i gang nye prosjekter både på



HANDELSFAMILIE: Christian Julius Steffensen fotografert med kona og 10 barn hjemme i Kirkegata i 1924. F.v. Georg A., Sigurd A., Klara, Christian J. dy, Erling, Annaton, Solveig, Solveig, Inger, hustru Anna Follestad Steffensen, El og Christian Julius Steffensen. Foto: Sigvald Moe, Fylkesfotoarkiv IKAMR i Ålesunds museum

30- og 40-tallet, tilr som ellers var preget av kriser og lav aktivitet. Han bodde her i Kirkegata 10, hvor vi holder til, forteller rådgiver Asta Vadset.

— Han eldde etter hvert flere av bygdene her, og bodde selv sammen med den store familien sin i etasje over kolonialbutikken på hjørnet. I tårnet

var det et lekserom, mens knøttere hans var i første etasje.

Spør av svikt og mangler
Målet med Arkivdagen er å gi folk innblikk i hva som finns i arkivene, og velke interesse for arkiv som samfunnets minne, både i fortid, nåtid og framtid. Minne om at arkivene er åpne

for alle, og at de er en viktig del av et demokratisk samfunn.

Til Latinskolen kommer Age Brekk, jurist og sekretariatsleder for Oppreisningsordningen for tidligere barnevernsbarn i Møre og Romsdal.

— Hvordan kan man finne ut hva barn og unge har opplevd tilbake i tid? I hvilken grad kan

man i arkivene finne spor av svikt og mangler innenfor tjenesteyting? er blant spørsmålene han tar opp.

Gudmund Valderhaug fra Valderøya er førstelektor ved Institutt for arkiv-, bibliotek og informasjonstudier ved Høgskolen i Oslo og Akershus.

— Hva betyr arkivering i dag?

spør han, og viser til sporene som lagres når vi i dag handler i butikker, passerer bomstasjoner og kommuniserer med stat og kommune. Spør som lagres og arkiveres, og som vi føler vi ikke har kontroll på i hverdagen vår.

Forfatter og historiker Aina Basso vil fortelle om hvordan



BRUKER ARKIVENE: Forfatter og historiker Aina Basso, oppvokst på Giske, kommer til arkivdagen lørdag. Der forteller hun om forfatterskapet sitt, om arkivkilder hun har brukt i bøkene sine og veien fra historisk kilde til fiktiv historie. ARKIVFOTO: STALE WATTO



FLORARKIVET: Dan André F. Velle og Asta Vadset med en liten del av arkivet med tegningene etter arkitekt Jens Flor. Han gjorde mange jobber for handelsfamilien Steffensen. FOTO: KARIN FYKKJE

han bruker arkivene til å skrive fiksjon. Mens ass. rådmann i Rauma, Ptery Ulvestad, skal snakke om hvordan den teknologiske utviklingen gjør det mulig å ta vare på og hente fram flere opplysninger fra arkivene.

Arkivdagen lørdag tilbyr også hjelp til søk i fotodatabaser og slektforskning.

Historien og jubileumsutstillinga til Møre og Romsdal Fotograflaug vil bli presentert i netterveien. Du smakebit fra arkivet etter Ålesunds fotografen Alf Dale blir også stilt ut.

KARIN FYKKJE
lygnerne

I Kirkegata 10b vart det halde fleire populære omvisingar i eit av dei 4 arkivmagasina. Rådgjevar Dan André Fiskum Velle synte fram ulike kjelder frå fjern og nær både geografisk som kronologisk. Slektsgranskarane kunne få tips om tilgang til kjelder både digitalt og på lesesal. I tillegg hadde også fagpersonalet på foto gjort seg flid med ei informativ og flott utstilling om hundreårsjubileet til Møre og Romsdal Fotograflaug.



Totalt sett var det om lag 100 besøkande i Kirkegata og Latinskolen. Fleire av dei som møtte hadde deltekte på tidlegare arkivdagsarrangement ved IKAMR.

5.6 Eksterne konferansar

Kommunearkivkonferansen (KAI-konferansen) var i 2017 i Bergen. Tema for KAI-konferansen 2017 var endringar i samfunnsoppdraget for oss som arkivarar og arkivinstusjonar. Konferansen samlar tilsette frå kommunearkivinstusjonar over heile landet. I tilknytning til konferansen vert det lagt diverse samarbeidsmøte for desse arkivinstusjonane. IKAMR var på konferansen representert ved Dan Velle, Guro Flø, Vibeke Lunheim, Åsta Vadset, Torbjørn Aasen og Geir Håvard Ellingseter. Ellingseter deltok på eigarmøte for bladet Arkheion, KAI-leiarmøte og eigarmøte i Arkivplan.no.

Torbjørn heldt foredraget «KDRS produksjonslinje – for bevaring og tilgjengeleggjering av elektroniske arkiv» på KAI-konferansen i Bergen.

Geir Håvard Ellingseter og Vibeke Lunheim deltok på markering av Riksarkivet 200 år. Dette vart markert med jubileumskonferanse og middag på Akershus festning der også kulturministeren og kong Harald deltok.

Fortid & notid for framtid

Arkiv og kulturformidling

 **ika Møre og Romsdal**
Arkiv og kulturformidling